

Planprogram helse- og omsorgsplan

Innhold

Innleiing.....	2
Formål	2
Planen sitt innhald	2
Krav til planprogram.....	2
Organisering, medverknad og framdrift	2
Organisering	2
Framdrift	3
Medverknad.....	3
Føringar.....	4
Nasjonale og regionale føringar	4
Kommunale føringar	5
Fokusområder	6
Ansvar for eige liv	6
Samarbeid/samhandling	6
Berekraftig utvikling og innovasjon.....	6
Framtidsretta organisering og dimensjonering av tenestene	6

Innleiing

Dagens gjeldande omsorgsplan i Hareid kommune var vedteke KST- PS 124/11 15.12.2011. Det har skjedd mykje sidan den gong, både i samfunnet og i organisasjonen. Planen må difor reviderast. Det bør leggest føringar for kor ofte den skal reviderast og det må forankrast i kommunen sin planstrategi.

Formål

Helse- og omsorgsplanen skal vere verktøy for tenestene i sektor for velferd. Den skal vise oss vegen vi ynskjer å gå fram over basert på behovet ut frå statistikk og det vi faktisk har i dag av tenestetilbod.

Vi skal vektlegge viktige utfordringar, samstundes som vi skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek. Det er eit mål at helse- og omsorgsplanen skal vere eit godt og enkelt verktøy for styring og utvikling av sektoren.

Det er samstundes behov for å ha eit sterkt fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid for å dempe eller utsette behovet for helse- og omsorgstenester.

Planen sitt innhald

Planen vi har er frå 2011 og utviklinga har vore stor sida den gong. Samhandlingsreforma vart sett i verk 01.01.12. Sentral reform som Leve heile livet kom i 2019 og lokalt har velferdsteknologien etter kvart fått plass.

Målet må vere at planen vert eit styringsverktøy som både folkevalde og administrasjonen får eigarskap til; ein plan som alle ynskjer å stille seg bak å følge opp samla.

Den må femne om lovgrunnlag og viktige utfordringar, og den må skissere langsiktige strategiar og mål som sektoren i tida framover skal einast om å prioritere. Den må også utarbeidast slik at den er forankra i kommunane sine overordna planar og at planar i sektoren vert utarbeidd med denne som grunnlag.

På den måten gjer vi det enklare for folkevalde, administrasjon og innbyggjarar å trekke i same retning og å nå felles mål.

Krav til planprogram

Det er ikkje krav til planprogram, men vi har valt å lage eit planprogram med utgangpunkt i plan- og bygningslova §11-13 (sjå også §4-1). Dette for å gjere greie for vegval vi ynskjer å ta, legge føringar for høyringar og medverknad i planprosessen. Vi ynskjer at dette skal vere ein plan alle kan stille seg bak.

Organisering, medverknad og framdrift

Planprogrammet skal synleggjere kva medverknadsprosessar det skal leggest opp til. Sjølve prosessen skal også skisserast, med fristar og deltakarar.

Organisering

Prosjekteigar:

Kommunestyret er eigar av prosjektet, PS 18/21.

Formannskapet skal godkjenne planprogrammet (sjå delegering). Sjølve helse- og omsorgsplanen skal vedtakast av kommunestyret.

Politisk styringsgruppe:

Formannskapet

Prosjektleder:

Kommunalsjef velferd er prosjektleder og har ansvar for å gjennomføre aktivitetar, koordinere prosessen og utarbeide planen i samarbeid med prosjektgruppa.

Prosjektgruppe:

Kommunalsjefen si leiargruppe og representantar frå tilsette (bør vere frå dei tre store fagforeiningane i sektoren).

Prosjektgruppa skal stå for største delen av utarbeiding av planen i tråd med dei innspel og tilbakemeldingar som kjem frå andre. Prosjektgruppa kan knyte til seg relevante ressursar dersom det er behov for det i løpet av planprosessen, ein viktig aktør her er kommunikasjonsansvarleg.

Arbeidsgrupper:

Tverrfagleg samansett grupper

Tillitsvalde

Tenestemottakar og/eller pårørande

Framdrift

Aktivitet	Tidsplan
Prosjektstart	Mars 2021
Utarbeiding av planprogram	Mars – april 2021
Politisk handsaming og orientering (LKU og FSK) – oppstart og offentlig ettersyn av planprogram	April 2021
Høyringsperiode planprogram og arbeid med kunnskapsgrunnlag – 4 veker	April-Mai 2021
Arbeid med innkomne merknadar/innspel til planprogrammet	Mai (veke 24) 2021
Politisk godkjenning av planprogram (RFU, ELR, LKU, FSK og KST)	Juni 2021
Utarbeiding av planforslag	Juni-august 2021
Medverknad internt og eksternt for innbyggjarane	Juni-september 2021
Politisk handsaming (LKU, FSK og KST) av planforslag	Oktober 2021
Høyringsperiode planforslag – 5 veker	Oktober - november 2021
Arbeide med innkomne merknadar/innspel – ferdigstilling av planforslag	November - desember 2021
Politisk godkjenning av plan	Desember 2021
Kunngjering av vedteken plan	Desember 2021

Medverknad

Det skal i planprogrammet synleggjerast kva medverknadsprosessar det vert lagt opp til. Medverknaden skal syte for god politisk forankring av planen slik den kan verte eit styrande politisk dokument. Medverknaden skal også syte for at innbyggjarane vert høyrde, og at alle grupper som krev særleg tilrettelegging vert involvert. Det er eit mål at medverknadsprosessane skal vere breie og inkluderande.

Høyring og offentlig ettersyn:

Planforslaget skal sendast på høyring/leggast ut på offentlig ettersyn. Alle organ/verksemder som vert direkte rørte av planen, skal få tilsendt eit eksemplar av planforslaget. Planforslaget skal kunngjerast i minst ei avis og skal også gjerast tilgjengeleg gjennom digitale media.

Etter offentlig ettersyn blir forslaget lagt fram for kommunestyret til avgjerse. Facebook-sida til Hareid kommune vil også verte nytta som ein kanal der innbyggjarane og andre interesserte kan kome med innspel under høyringsperioden til planprogrammet og

planforslaget. Alle innspel uavhengig av kommunal kanal vil verte arkiverte og handsama som innspel knytt til planen.

Heimeside og andre media:

Informasjon vil fortløpande verte publisert på Hareid kommune sine heimesider. Anna aktuell informasjon vert også publisert i til dømes lokalavis eller andre ulike media.

Politisk medverknad:

Dei folkevalde, både formannskapet og kommunestyret, men også andre råd og utval vil under heile prosessen vere informerte og gjevne moglegheit til å uttale seg. Planforslaget skal innom alle utval før det vert lagt ut på offentleg ettersyn. Planforslaget vert også sendt på høyring til ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet, alle nødvendige politiske avklaringar undervegs vert teke opp med formannskapet. Formannskapet vil då ha moglegheit til å involvere kommunestyret dersom dei ser på det som nødvendig.

Ekstern medverknad:

Det vert laga til eit arrangement i form av folkemøte/idèverkstad (her må vi sjå kva som er mogleg med omsyn til smittevern knytt til pandemien) som vil vere opent for alle. Tema for møtet skal ta utgangspunkt i det som vert framheva i planprogrammet av utfordringar og alternativ.

Intern medverknad:

I samband med utarbeiding av planforslaget er det tenkt å gjennomførast ein felles verkstad/arbeidsmøte for folkevalde og administrasjon. Aktuelle problemstillingar med utgangspunkt i planprogrammet vert sett på agendaen for drøfting og problemløysing med mål om å kome fram til gode forslag til strategiar og mål.

Føringar

Nasjonale og regionale føringar

I nasjonale forventingar til fylkeskommunal og kommunal planlegging 2019 - 2023 har regjeringa uttrykt FN sine berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Regjeringa understreker at fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere FNs berekraftsmål i Norge. Berekraftsmåla må innarbeidast og bli ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd.



FN sine berekraftsmål er eit internasjonalt samarbeid om å utjamne sosiale ulikskapar og ivareta klimaet og miljøet på jorda. Ein må ha berekraftig økonomi for å kunne løyse desse utfordringane. Helse- og omsorgsplanen vil i hovudsak vere retta mot den sosiale dimensjonen i berekraftmåla.

Samhandlingsreforma - sentral reform 2012

Rett behandling – på rett stad – til rett tid.

Leve heile livet – sentral reform 2019

Utgangspunktet for Leve heile livet er å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre lever gode liv og deltar i fellesskapet. Målgruppa for reforma er alle eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon.

Overordna skal reforma bidra til:

- ✓ Fleire gode leveår
- ✓ Pårørende som ikkje vert utslitt
- ✓ Tilsette som trivast i jobben og får brukt sin kompetanse

Mestre heile livet – strategi 2017-2022

Vi treng openheit og meir kunnskap om psykisk helse og at vår fysiske og psykiske helse verker inn på kvarandre. Det vil gjere det lettare å takle små og store utfordringar, førebygge sjukdom, lettare behandle sjukdom og lettare mestre og leve med sjukdom. Denne strategien handlar om alt dette.

Regjeringa har fem overordna mål for strategien:

- ✓ Psykisk helse skal vere ein likeverdig del av folkehelsearbeidet
- ✓ Inkludering, det å høyre til og deltaking i samfunnet for alle
- ✓ Pasienten sin helse- og omsorgsteneste
- ✓ Styrka kunnskap, kvalitet, forskning og innovasjon i folkehelsearbeidet og i tenestene
- ✓ Fremme god psykisk helse hos barn og unge

Kommunale føringar

Hareid kommune sin kommunale planstrategi 2016 – 2020 trekk fram ulike lokale utfordringar og utviklingstrendar. Det står følgjande om omsorgsplan:

Planen vart godkjent av Hareid kommunestyre i 2011 og er gjeldande til 2015. Planen er ein overordna plan for korleis omsorgstenestene i Hareid skal innrettast i tida framover for å møte innbyggjarane i alle aldrar sine behov for tenester. Det vil vere behov for ei rullering av planen så fort som råd.

Kommuneplanen sin tekstdel sei noko om oppgåver og hovudmål for sektoren:

Helse, sosial, pleie og omsorgstenestene utfører kring 105 årsverk i kommunen. Tenestene er i hovudsak pålagde gjennom lover og forskrifter som kommunehelselova, sosialtenestelova og barnevernslova. Kommunen styrer kvalitet og omfang utifrå prioriterte ressursar. Politisk ligg desse arbeidsområda under hovudutval for helse og sosial

Kommuneplanen er gamal – 2006-2018 – og skal reviderast.

Fokusområder

I planarbeidet skal m.a. følgjande leggest til grunn/takast omsyn til:

- ✓ folketalsutvikling og alderssamansetnad
- ✓ utviklingstrekk for helsetilstanden i befolkninga
- ✓ FNs Berekraftsmål som er verda sin felles arbeidsplan for å motstride ulikskap, utrydde fattigdom og stoppe klimaendringane
- ✓ Leve heile livet

Nasjonale, regionale og lokale føringar gjer at vi vel følgjande fokusområde:

1. Ansvar for eige liv
2. Samarbeid/samhandling
3. Berekraftig utvikling og innovasjon
4. Framtidsretta organisering og dimensjonering av tenestene

Ansvar for eige liv

Nøkkelord:

- ✓ fokus på førebyggjande og helsefremjande arbeid
- ✓ påverke eigen kvardag

Samarbeid/samhandling

Nøkkelord:

- ✓ aktiv brukar- og pårørandeinvolvering (brukarmedverknad)
- ✓ tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester

Berekraftig utvikling og innovasjon

Nøkkelord:

- ✓ digitalisering og velferdsteknologi

Framtidsretta organisering og dimensjonering av tenestene

Nøkkelord:

- ✓ god kompetanse og kvalitet
- ✓ fokus på teneste til særleg sårbare grupper